


# NRK svarer

NRKs årsrapport

2021





Bilete på omslaget:

I Rus skal Leo Ajkic finne sanninga om rusen  
- på godt og vondt. Foto: Haakon Laastad,  
Pandora Film/NRK.

## Innhald

Forord: NRK svarer	5
Ein mangfaldig fellesarena	7
Vi høyrer saman	15
Vi ser Noreg innanfrå	23



Thor Gjermund Eriksen. Foto: Anders Leines, NRK

## NRK svarer

Pandemien heldt oss lenge frå kvarandre. Men sjølv om vi ikkje har hatt mogelegheit til å jobbe saman slik vi ønsker, har NRK i 2021 kome nærmare dei vi er til for. Aldri før har vi hatt kontakt med fleire menneske i Noreg. 92 prosent av befolkninga brukte kvar einaste dag eitt eller fleire NRK-tilbod i fjor. Det er rett og slett eit fantastisk gledeleg tal.

For ein allmennkringkastar som er til for alle, er det ingenting som er viktigare enn at folk finn, vel og har høg tillit til det vi leverer.

Difor er eitt av måla våre at vi skal kjenne folk i Noreg best. Det betyr at vi skal vere tett på og kjenne til heile det mangfaldige spekteret av menneske som til saman utgjer befolkninga i

Noreg. Berre då kan vi svare på oppdraget om å dekke sosiale, kulturelle og demokratiske behov for alle. Det krev at folk også kjenner til og stolar på NRK. For kjennskap, bruk og tillit heng nøye sammen.

I Ipsos si store omdømemåling svara 86 prosent at dei har eit svært godt eller ganske godt inntrykk av NRK, og det gode inntrykket er jamt fordelt på kjønn, alder og geografisk tilhør.

Verda endrar seg. Vi opplever sjokk, globalisering og auka konkurranse. NRK skal møte nye forventningar og nye behov. Det krev at vi førebur oss, fornyar oss og aukar kvaliteten i eit stadig høgare tempo.

Den fremste ambisjonen vår er å vere ein raus og mangfaldig fellesarena bygd på ei erkjenning og ein aksept for at vi alle er forskjellige. Vi skal vere ein arena for felles opplevingar, for deling av ulike perspektiv, for ueinigheit og debatt. Difor likar eg ikkje uttrykket «folk flest», for det smalnar inn fellesarenaen. Kva med dei som lever annleis enn fleirtalet?

Når dette blir skrive, har pandemien endeleg sleppt taket på kvardagslivet for dei fleste. Då samfunnet stengte ned, opna vi nye rom for kontakt med publikum. Vi inviterte til dialog, svara på spørsmål og tok imot bekymringar.

I ein periode med stor uvisse ville vi møte eit behov hos publikum gjennom *NRK svarer*. No har krigen i Ukraina på ny understreka behovet for påliteleg og sann journalistikk.

Aldri har eg kjent sterkare på at kjernen i NRK er fellesskapet. Aldri har eg kjent at det viktige oppdraget til NRK har vore viktigare.

På dei neste sidene kan du lese meir om korleis NRK løyste oppdraget i 2021.

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Thor Gjermund Eriksen".

Thor Gjermund Eriksen  
Kringkastingssjef

## Ein mangfaldig fellesarena

NRK skal vere for alle. Det er sjølv sagt, men ikkje enkelt. Samfunnet vårt blir stadig meir mangfaldig og det globale tilbodet stadig rikare.

2021 var det sterkeste publikumsåret nokon gong for NRK. 92 prosent av den norske befolkninga brukte eit NRK-tilbod dagleg. Men bruken er ikkje jamt fordelt. NRK har sterkest posisjon blant den vaksne delen av befolkninga, og særleg blant dei med høg utdanning. For å vere like relevant for kvar enkelt i åra som kjem er NRKs strategi å auke mest i dei gruppene vi når minst. Berre slik kan vi halde fram med å vere ein allmennkringkastar for alle som bur i Noreg.

I eit år som er sterkt prega av pandemi og sosiale begrensningar, har vi heldigvis lukkast svært godt med dette viktige oppdraget. Ei internasjonal undersøking frå EBU syner at det er ein klar samanheng mellom befolkninga sin bruk av allmennkringkastar tilboden og kvaliteten på demokratiet. Bruken av norske medium blir utfordra av stadig sterkare konkurranse frå internasjonale medieaktørar på digitale plattformer.

Også i 2021 samla NRK små og store sjårarar, lyttarar og lesarar rundt felles arenaer. Behovet for informasjon har vore uvanleg høgt, men sanneleg har også behovet for underhaldning vore betydeleg under koronapandemien. NRK skal bidra til at folk forstår samfunnet, kvarandre og seg sjølv betre. Difor formidla vi både lokale og globale nyhende, spennande sportshendingar og rørande kultur- og underhaldningsopplevelingar.


Nordmenn søker mest i verda. Kva vi søker etter, gjev ein peikepinn på kva vi er opptekne av. Dei tre stikkorda nordmenn søker aller mest etter på Google i 2021, var «korona», «USA-valet» og underhaldningsserien *Førstegangstjenesten*.



BlimE! samlar kvart år fleire hundre tusen born og unge til felles dans for vennskap. Her med programleiar i *Supernytt* Salamatu «Sally» Kamara (lengst til høgre) saman med nokre av BlimE!-dansarane. Foto: Hans Otto Bordvik, NRK.

Koronapandemien både pressa og inspirerte NRK-redaksjonane til å finne nye måtar å nå publikum med viktig informasjon. Dei største utfordringane kom på idrettsfeltet. VM i snøsport for parautøvarar vart avlyst, og det vart også alle verdscuprenna i Noreg. NM-veka og ei rekke friidrettsarrangement måtte også gje tapt for pandemien. Mange av medarbeiderane i NRK-sporten vart overførte til det løpende og krevjande nyhetsarbeidet. Eit viktig journalistisk prosjekt var elles å dekkje tilhøva for migrantarbeidarar i Qatar i samband med utbygginga til fotball-VM.

NRK skal vere først med heile nyhetsbiletet og alltid vere til å stole på. Det har ikkje minst vore viktig i ei tid då stadig fleire hentar nyhenda frå sosiale medium og stadig oftare oppdagar at dei ikkje er etterlettelege. For å nå alle som bur i Noreg har vi løyst nyhetsoppdraget på svært ulike plattformer. Det er eit stort spenn mellom *Supernytt* og *Dagsrevyen*, mellom NRK på Snapchat og *Politisk kvarter* på NRK P2, mellom distriktsnyhenda og *Urix*. NRK.no har tilbode oppdatering heile døgnet, medan *Dagsnytt 18*, *Debatten* og dokumentarar har gått i djupna. Summen av alle desse tilboda har gjort oss i stand til å nå breitt ut med viktig samfunnsinformasjon under ekstraordinære omstende.



# Partiledерappell



Illustrasjonsbilete for partileiardebatten  
på NRK TV. Foto: NRK.

## Stortingsvalet

Valdekninga er sjølve kjernen i NRK-oppdraget. Å bidra til at heile befolkninga får nok informasjon til å delta aktivt i demokratiske prosessar er inga lita oppgåve. Valkampdekninga er ei av dei største redaksjonelle satsingane NRK har. I 2021 arrangerte vi ei rekke folkemøte og samarbeidde tett med lokale medium. Store direktesendingar blir framleis opplevd som viktige. Meir enn ein million TV-sjårar fekk med seg valprognosene på NRK1 kl. 21 valnatta.

Frå tidlegare kommune- og stortingsval veit vi at mange unge ikkje forstår kva politikk er og stever med å skilje partia frå kvarandre. Valdeltakinga er lågast blant 20-24-åringane, dei såkalla andregongsveljarane. Desse ønskjer politikken og valsystemet enkelt forklart og framstilt på ein nøytral måte. NRK har i fleire år nådd breitt ut med Valomaten, ein guide til kva parti ein er mest samd med. I 2021 lanserte vi i tillegg Partiguiden, eit endå meir direkte svar på behova til unge veljarar. Her kunne veljarane navigere mellom parti- og temasider, slik at dei enkelt kunne samanlikne standpunktene til partia og få ord og uttrykk forklart. Partiguiden vart laga på bokmål, nynorsk og nordsamisk og fekk heile 5 millionar sidevisningar.

Ei anna satsing for å nå unge veljarar var *Sjukt mange spørsmål*. Alle dei norske partileiarane fekk heimebesøk og viste nye

sider av seg sjølve. KrF-leiaren triksa på den lokale fotballbana, FrP-leiaren viste fram eigenbroderte juledukkar, SV-leiaren fortalte om vasskrekkene sin, og MDG-leiaren viste korleis ho sov på ei spikermatte. Episodane vart sett av mellom 480 og 560 000 sjårarar og vart brukt i undervisninga i skuleklasser over heile landet.

Det skal vere trygt å ytre seg politisk. Gjennom heile stortingsvalet var NRK svarer eit viktig tilbod både på nett, i sosiale medium og i sendingar. Å svare publikum, både på behova deira og på spørsmåla dei måtte ha, er nettopp kjerneoppgåva til NRK. Publikumsdialogen auka kraftig gjennom regelmessige utvekslingar der folk fekk rette spørsmål til både politiske og faglege ekspertar og til journalistane. Spørsmåla frå publikum var også med på å påverke journalistikken.



Partiguiden på nrk.no. Foto: NRK.



Kunnskapsminister Tonje Brenna blir stilt *Sjukt mange spørsmål* av programleiar Astrid Randen. Foto: NRK.

## Sosiale og kulturelle behov

NRK skal også gje publikum auka innsikt i livet, tilveret og livssynet til andre menneske. Vi skal bidra til å redusere fordømar og auke toleransen for andre miljø enn dei vi sjølve lever i. For å lukkast må vi vere tett på folk i kvardagen. Fjerde sesongen av *Ikke spør om det hadde episodar om jødar, norsk rom og om samar*. Dekninga av den muslimske høgtida id og program som *Festen etter fasten* og *Brobyggerne* bidrog til auka kulturell forståing og toleranse. Temadagane i NRK Super var vigde til trusfridom for born. Målet med temadagane var å gje informasjon om at ein kan tru det ein vil, eller ikkje i det heile. I serien *Selma og jakten på den perfekte tro* fortalte mange born og unge om korleis dei utøvde dei ulike religionane sine.



Rapparen Kamelen opptrer for fansen i musikkprogrammet *Haik*. Foto: Tore Zakariassen.



Stemningsbilete frå sesong 2 av *Rådebank*. Foto: Max Emanuelson.

Ein kan oppnå innsikt på mange vis. I 2021 såg vi at drama-seriar som *Rådebank 2* og *Lik meg* sette samfunnsspørsmål på dagsorden og utløyte debattar. Slike produksjonar med utgangspunkt i norsk røyndom syner at også dramasjangeren kan løfte viktige tema til debatt. *Rådebank 2* vart eit høve for mange til å snakke om mental helse hos unge gutter. Serien vann tre Gullruten-prisar, vart ein av dei mest strøymde nokon gong og er sett av over ein million menneske. Den årlege vennskapskampanjen til NRK Super, BlimE!-dansen, samla skuleborna i Noreg. I 2021 vart BlimE!-dansen eksportvare. Gjennom EBU-samarbeidet vart det produsert dansevideoar for born i mange europeiske land.

NRK investerer, produserer, publiserer og når fleire med kulturrinnhald enn nokon annan aktør i Noreg. I 2021 var opninga av det nye Munchmuseet i Oslo dekt breitt. Dokumentarserien *Vi flytter Munch* følgde prosessen med å flytte dei uerstattelege Munch-arbeida frå Tøyen til Bjørvika. Serien gav eit innblikk bak

fasaden og fortalte historia om kva som skal til for å etablere eit stort og viktig Kunstmuseum.

Mange miljø jobbar for å løfte norsk musikk. Minst 40 prosent av musikken som blir spelt på NRK P1, NRK P2 og NRK P3 skal vere norsk. Dette kravet vart oppfylt med god margin. Alle hovudkanalane har spelt mykje norsk musikk i 2021. Om vi ser på NRK P3, hadde kanalen ein norskandel på over 59 prosent. Dette er rekord og ei auke frå det førre året.

Norske musikkfestivalar vart formidla i serien *Festivalsommer* i NRK TV. Eit tilbod som *Urørt* på NRK P3 gav mange nye talent sjansen til å nå ut til heile Noreg. På nrk.no/musikk vart det samla 2 800 klipp frå NRK-produksjonar av livemusikk, både frå *Lindmo*, *KORK*, *P3 Gull*, *Haik*, *MGP* og *Stjernekamp*. Desse blir følgde av tilrådingar om nytt innhald basert på artist, sjanger og aktualitet.



NRK og TV2 delte rettane under *EM i fotball*. Her er programleiarar og ekspertkommentatorar fra begge mediehusa samla. Frå venstre: Carina Olset (NRK), Erik Thorstvedt (TV2), Ingrid Halstensen (TV2) og Carl-Erik Torp (NRK). Foto: Espen Solli, NRK/TV2.

## Små og store fellesskap

Sjølv om publikum stadig går over til digitale plattformer, samlar det lineære tilbodet framleis mange. Eit av sommarens store event var *EM i fotball* for herrar. TV-rettane til EM var delte mellom NRK og TV2, og mediehusa samarbeidde om teknologi, infrastruktur og felles studio. Dekninga var synleg på alle NRK-plattformene. NRK sende alle dei norske OL-øvingane frå Tokyo på radio live og hadde ei stor nyhetsdekning på nett og TV. Oppslutninga rundt OL utan TV-rettar var rekordhøg.


På laurdagskveldane fekk *Maskorama* ein ny sesong på NRK1. Utstyrt med nye interaksjonselement trefte han mange barnefamiliar. Den største publikumssuksessen var likevel *Førstegangstjenesten*, av og med Herman Flesvig. I november og desember vart det gjensyn med Tanja-Laila Gaup, Ola Halvorsen, Ahre-Ketil Lillehagen og alle dei andre karakterane i den militærbaserte humorserien.

19 nye dramaseriar hadde premiere på dei mange NRK-plattformene. I andre sesongen oppnådde finansdramaet *Exit* eit snitt på over 1,8 millionar sjårarar. 24 dagar i desember følgde nær 800 000 born og vaksne Luka og vennene hans i det storslegne juleeventyret *Kristiania magiske tivolitheater*.

Vi lever i eit mangfoldig og fleirkulturelt Noreg. Der vi før laga spissa tilbod til spesifikke grupper, har vi no omsut for at mangfold er ein naturleg del av innhaldet. Alle skal føle seg inkluderte og sette. Den nyskipa Mangfaldsprisen frå Medienettverket vart delt ut til NRK i fjor, og NRK TV vann DOGA sin innovasjonspris for universell utforming. Med tenester som teksting, synstolkning og teiknspråktolkning sikra vi at NRK kan brukast av alle som bur i Noreg, uavhengig av syn, hørsle og fysiske eller kognitive ferdigheter.

## Dagleg dekning for NRK totalt i befolkninga 12 år +

92 prosent av befolkninga brukte eitt eller fleire tilbod frå NRK kvar einaste dag i 2021. Det er det høgste som nokon gong er målt.



Kjelde: Kantar F&M for NRK



NRK vann alle podkastprisane under Prix Radio. Her har *Med all respekt* motteke prisen for beste underholdningspodkast.  
Foto: Tor Erik Schrøder, Foreningen Radiodager.

## Vi høyrer saman

2021 vart året for eit paradigmeskifte i det som vi gjerne omtalar som lydens gullalder. Radio er det mediet som vart digitalisert sist, i form av eit sterkt utvida tilbod via DAB. Det er også ofte omtala som eit sekundærmedium fordi folk gjerne gjer andre ting medan dei lyttar. Dette er med på å forklare kvifor radio er det tradisjonelle mediet som fell minst i bruk. Samstundes aukar lyttinga på podkast. Difor vågar vi å påstå at vi er inne i ein gullalder for lyd.

For over 20 år sidan lanserte Apple den første iPod-en og sette med det standarden for teknologien bak det som har blitt heitande podkast. Sidan den gongen har teknologien vore open og gratis. Dei fleste podkastane, også NRK sine, har difor vore tilgjengelege i mange ulike tenester eller appar.

Våren 2021 vart denne gratismodellen endra då både Spotify og Apple innførte mogelegheit til å ta betalt for podkastar inne i appane sine. Omrent samtidig vart to nye abonnementstenster for podkast lansert i Noreg: PodMe frå Schibsted og danske Podimo.

Lydinnhald blir i aukande grad knytt til betaling og eksklusivitet på eigne plattformer, slik vi er kjende med frå strøymetenester som til dømes Netflix. Dette påverkar lydbransjen, inkludert

NRK. Kampen om øyro handlar ikkje lenger berre om kva innhald du vel, men òg kva app du vel å høre på.

NRK skal vere redaksjonelt uavhengig, og innhaldet vi tilbyr, skal vere fritt tilgjengeleg. Diverre blir ikkje desse viktige prinsippa alltid respektert. NRK-innhald har ved fleire høve blitt redigerte eller sensurerte på tredjeparts plattform.

Ved å styrke eigne publiseringssplattformer blir vi mindre avhengige av andre. Vi skal bli flinkare til å vise folk at vi har ein eigen app, NRK Radio, der dei alltid kan høre på innhaldet reklamefritt og usensurert. Dette er også avgjerande for å sikre at vi når ut med heile breidda av tilbodet vårt. Det får vi berre høve til å gjøre på eiga plattform. Kommersielle aktørar vil alltid prioritere å løfte det største og mest populære.

I 2021 tok vi grep for å gjøre fleire merksame på NRK Radio. Nokre podkastar vart publiserte i NRK Radio éi veke tidlegare enn i tredjepartstenester. Andre podkastar, som *Maskorama*-podkasten og *Julestemning med Live og Ronny*, vart publiserte eksklusivt i NRK Radio. Desse grepa bidrog til ein vekst på 13 prosent fleire unike brukarar kvar dag i 2021 samanlikna med 2020. Det har vore ein auke i alle publikumssegment med unnatak av tenåringsane. I denne aldersgruppa er Spotify heilt dominerande. 80 prosent av norske tenåringer brukar Spotify dagleg, medan berre éin prosent av tenåringsane i Noreg brukar NRK Radio kvar dag.

Podkast er framleis eit relativt ung fenomen. I 2021 var 70 prosent av dei som lytta kvar veke til podkast under 40 år, medan 70 prosent av dei som høyde på kringkasta radio var over 40 år.

For å oppfylle allmennkringkastaroppdraget på lydområdet framover er det difor heilt naudsynt med sterkt satsing på podkast. Då er det også avgjerande å lukkast med å trekke endå fleire brukarar til NRK Radio. Fordjuping, fakta og historieforteljande lydinnhald har fått eit oppsving med podkast, også blant unge. Her er NRKs *Hele historien*, *Historier fra virkeligheten*, *Burde vært pensum* og *Oppdatert* blant dei mest populære som bidreg til at vi når nye lyttargrupper med eit breitt lydmangfold.

Det er også verdt å nemne at den samiske podkasten *Sami horror* har like mange lyttarar som Noregs mest populære podkastar, sett i høve til kor mange samisktalande vi har i Noreg.

Hausten 2021 samarbeidde Radiodager for første gong med Podkastforeningen om fagprogram og prisutdeling. På prisutdelinga, Prix Radio, tok NRK alle prisar i podkastkategoriane.

- Årets podkast: *Hele historien* – NRK Radio
- Årets podkastprogramleiar(ar): Joachim Førsund – NRK
- Årets underholdningspodkast: *Med all respekt* – NRK Radio
- Årets faktabasert podkast: *Hele historien om 22. juli* – NRK Radio

## Viktige satsingar på podkast i 2021

NRK satsar på eit breitt kvalitetstilbod innan dei fleste sjangrane. Her er eit utval av dei podkastane vi håpar publikum vil velje også i åra som kjem. Nye i 2021 er uteva.

### Dokumentar

Hele historien, *Historier fra virkeligheten*

### Nyheiter og aktualitet

Oppdatert, Krig og fred, *Popkorn og politikk*

### Kunnskap

Abels tårn, Ekko, Samfunnspodden, *Burde vært pensum*

### Humor og underhaldning

Med all respekt, Lørdagsrådet, Karakter, *Berrum og Beyer snakker om greier*, Lindmo & co, The Kåss Furuseths, *Sami horror*

### Born

Fantorangens lydmysterier

### Livsstil og mellommenneskelege relasjoner

Havarikommisjonen, *Sorgens kapittel*, *Mitt liv med hund*, *SOS Nødtelefonen*

### Folkehelse, aktivitet og trening

God bedring, I karantene

### Livssyn

Da jeg ble meg, *Etikketaten*

### Ung

Unormal, *Pålogga*

### Kultur

Norsken, svensken og dansken, *Musikkrommet*

### Sport

I det lange løp, *Heia fotball*

### Historie

*Norgeshistorie, Kongerekka*

### Drama

*Revnen*




22. juli, om terroren som skaka Noreg og verda 22. juli 2011. Foto NRK.



Programleiar Vegard Larsen møter menneske propfulle av visjonar, giv og lidenskap og leitar etter svar på kvar drivkrafta deira kjem frå. Foto: NRK



Popkorn og politikk – vil kapre lyttarar med politisk drama. Foto: NRK



Berrum & Beyer Snakker om greier. Foto: NRK.



I SOS Nødtelefonen får du historiene om kva som skjedde før, under og etter lagnadstunge ulukker. Foto: NRK.



I Sorgens kapittel snakkar journalist Karen Marie Berg med menneske som har opplevd å miste ein dei elskar. Foto: NRK



Fantorangen og Pivi høyrer merkelege lydar i Fantorangens lydmysterium. Foto: NRK.



Smarte folk deler kunnskapen du gjerne skulle ha hatt i Burde vært pensum. Foto: NRK.



Parterapautar dukkar ned i det som ein gong var ei lukkeleg kjærleikshistorie, og prøver å finne ut kvifor forholdet havarerte. Foto: NRK.



Hundetrener Maren Teien Rørvik snakkar med kjende personar i Mitt liv med hund. Foto: NRK



Ronny Brede Aase og Live Nelvik gir heile Noreg Julestemning. Foto: NRK

## Radio

Radiolyttinga er først og fremst veldig stabil, både når det gjeld lyttartal og lyttartid. Det er oppsiktsvekkande med tanke på podkastutviklinga og viser korleis radio og podkast treffer på ulike behov og modusar og utfyller kvarandre.

I 2020 tapte vi fleire lyttarar blant tenåringar, lyttarar utanfor storby og utan høgre utdanning. Det har vi jobba fokusert og medvite for å snu, og det har gjeve resultat. Frå 2020 til 2021 styrkte vi marknadsandelen hos denne lyttargruppa. Særleg NRK P2 og NRK mP3 har hatt vekst det siste året. Sjølv om dei er veldig ulike kanalar, er begge veldig tydelege og svarer på konkrete behov. Ein veit kva ein får når ein vel desse kanalane. Overgangen til DAB har ført til ei endring i lyttarmönsteret. Før var lyttarane oftare knytte til ein favorittkanal. I dag er det i snitt til tre radiokanalar dei lyttar til.

NRK har jobba mykje med vidareutvikling av kanalpakka for at kanalane skal utfylle kvarandre betre. Programleiarane i radiokanalane i NRK viser til kvarandre på tvers av kanalar. Difor opplever lyttarane eit meir heilskapleg lytdilbod. Éin radiokanal gjev ein ikkje det ein treng til kvar tid, men ein kan finne det ein treng til kvar tid på ein av radiokanalane i NRK. Her er NRK Nyheter eit godt døme. Under pandemien hadde lyttarane større behovet for nyhende enn tidlegare. Når det kjem viktige nyhende får ein ei kort oppdatering i dei andre kanalane, som dinest viser til løpende oppdateringar eller pressekonferansar på NRK Nyheter. Dette har gjeve vekst til kanalen, òg blant unge lyttarar. Det same har vi sett med NRK Sport. Vi har fleire sportsrettar knytte til lyd enn til TV. NRK Sport vokser stort under OL i sommar og vart blant dei største radiokanalane i Noreg.

Som følgje av auka kommersiell interesse for podkast og lyd, har NRK mista fleire av dei store radioprofilane våre til konkurrentar. Difor var det behov for å styrke NRK-tradisjonen med å byggje opp nye talent. Det har ført til flere nye flater på NRK P3 med søkelys på å sleppe til og utvikle nye talent, som sommarsatsinga og det vekevisse programmet *Lekekassa*.

Vi har jobba vidare med å gjere fordjupande kultur- og samfunnsinnhald tilgjengeleg på NRK P2, og det har vore fleire premiere i 2021. *Musikklivet*, til dømes, samlar det viktigaste på musikkområdet gjennom veka, og i *Språksnakk* leier Klaus Sonstad eit panel med både språkforskarar og andre gjester med hjarte for språk og språkutvikling. Etableringa av *Helgemorgen* frå Tromsø har vore ein stor suksess som har gjeve større tilfang av kilder og perspektiv frå heile landet. I 2021 hadde vi premiere på verdi- og livssynsprogrammet *Kompass* frå Trondheim. I haust hadde også *Musikklivet* premiere på NRK P2.

## Lyd samla

Vi ser at tradisjonell radio og podkast verkar godt saman. Dei to sameksisterer utmerkt og styrker kvarandre. Noko innhald fungerer best på podkast, noko best på radio. Juleradio har i fleire år vore ein heilt spesiell lyttetradisjon som i november og desember endrar lyttemönsteret kraftig. Her har NRK valt å gje lyttarane julemusikk på NRK Super og NRK Klassisk. I 2021 satsa vi i tillegg på eit heilt nytt førjulstilbod med *Julestemning med Live og Ronny*, som i desember vart Noregs mest populære podkast, men nådde like mange lyttarar på NRK P1.


NRK har innhald som fungerer både på radio og podkast, som *Lørdagsrådet*, *Drivkraft*, *Med all respekt*, *Popcorn og politikk* og *Spørretimen i Ekko*. Nokre starta på radio, andre som podkast.

*Kompass*-redaksjonen på Tyholt leverer innhald til NRK P2, NRK P1 og podkast.

I NRK Radio vel lyttarane både direkte radio og podkast. Saman gjev dei ei sams lydopplevelsing for framtida.

## Dagleg lyttetid i minutt for radio totalt


Radiolyttinga i Noreg er stabil



Kjelde: Nielsen TEAM PPM


## Dagleg dekning podkast

Lyttinga på podkast aukar.



## NRKs profilundersøking

NRKs profilundersøking viser at publikum har svært høg tillit til NRK og meiner at NRK løyser allmennkringkastaroppdraget på ein god måte (heile befolkninga over 15 år).



Kjelde: Kantar F&M

Kjelde: Profilundersøkelsen,  
Norstat for NRK



Borgny og Roald Mathisen på Husøya i Nordland. Foto: NRK.

## Vi ser Noreg innanfrå

NRK er til stades over heile landet og på 42 ulike stader i Noreg. Dette er viktig for å dekkje breidda og mangfaldet i det langstreckte landet vårt, og det er helt avgjerande for å dekkje større og mindre nyhende både raskt og omfattende.

Distriktsdivisjonen har et tredelt oppdrag: å gje nyheter frå heile landet til nasjonale flater, å gje eit regionalt tilbod og å produsere nasjonalt innhald i ei rekke sjangrar. Produksjonane spenner over alle publiseringssplattformer. Divisjonen har eit spesielt ansvar for livssyn, vitskap, klima, natur og historier frå norsk kvardagsliv.

Vår innsikt i lokale forhold og kunnskapen om befolkninga er ein avgjerande ressurs når journalistikk og publikumsinnhald skal planleggjast og lagast. Innholdsproduksjon frå heile landet til heile landet gjev andre perspektiv og røyster i den norske samfunnsdebatten, og slik kan vi vise fram heile Noreg.


Døme på den mangfoldige innholdsproduksjonen for TV er *Symesterskapet*, *Eides språksjov*, *Bamselegen*, *Gjør det sjøl* og *Ikke gjør dette mot klimaet*. På radio har nye tilbod som *Lørdagsliv*, *Kompass* og *Helgemorgen* kome til i den siste perioden.

Aktualitetssatsinga *Helgemorgen* blir send frå Tromsø og tilbyr lyttarane engasjerande og inspirerande journalistikk med stor variasjon av røyster, perspektiv og erfaringar frå heile landet.


Stikkord for innhaldet i *Helgemorgen* er djupn, bakgrunn, ny kunnskap, gode menneskemøte, undring og refleksjon.

## NRKs distriktsdivisjon og NRK Sápmi

● Nord ● Midt ● Vest ● Sørøst  
● Sendested/distriktskontor ● Redaksjon ● Lokalkontor



NRK er til stades i heile Noreg. Foto: NRK.



## Norges tøffeste

Vennskap, fløting, tårer og blodslit. Første episoden av *Norges tøffeste* sesong 3 gledde over ein million sjårarar og viste oss at det finst mange måtar å vere tøff på. Ei nedlagd oljeplattform vart bustad for 10 deltakarar som elskar å presse seg sjølve, og programleiar Jørgine Massa Vasstrand viste ingen nåde. Vi fekk sjå at både dansarar, crossfitarar og dødsarar har eit konkurransebeist i seg Men den som kanskje overraska mest, var fiskaren Isak Dreyer, som til slutt fekk ein fortent siger.

Anna Szalaj og Piotr Waclawski er døme på innvandrarar som opprettheld folketaket i norske bygder. Foto: Andreas Lekang, NRK.



## Nyskapande journalistikk

Eit av de store prosjekta i fjor var *Den store folkevandringa*. Det var eit samarbeidsprosjekt mellom NRK, Landslaget for lokalaviser (LLA) og Senter for undersøkende journalistikk (SUJO). Kvar folk flytter og korleis flyttestraumane endrar landet vårt, er eit område som har mangla undersøkjande journalistikk. Basert på felles research publiserte 68 lokalaviser og NRK over 600 saker i løpet av eit par månader våren 2021. Eit slike prosjekt har aldri vore gjennomført i Noreg før.

Dei over 600 sakene som følgde, vart lagde merke til i lokalsamfunn over heile Noreg. Journalistikken skapte debatt og ført til endring i fleire kommunar, og NRK laga saker som nådde eit breitt publikum nasjonalt.

## Nyheitsoppdraget

Nyheitsdekkinga står heilt sentralt i allmennkringkastaroppdraget vårt. Dei store nyheitssakene i 2021 vart dekte over lang tid, og fleire av dei pregar framleis både lokalsamfunn og heile nasjonen. Det store kvikkleireraset rett før nyttår i 2020 sette preg på nyheitsbiletet langt inn i neste året, og konsekvensar og rapportar er framleis viktig nyhetsstoff. Nyheitsdekkinga har blant anna ført til ny debatt om bygging i område med mykle kvikkleire.

Drapa på fem tilfeldige menneske på Kongsberg i oktober forferda ein heil nasjon. Overgangen frå regjeringa Solberg til den påtroppende Støre-regjeringa vart prega av dette dramaet. I tillegg til nyheitsdekkinga sende vi sørgegudstenesta frå Kongsberg den følgjande søndagen.

En lege som feilopererte og korleis eit sjukehus kunne la det skje over lang tid sette preg på nyheitsbiletet på Sørlandet gjennom året, men saka har òg vore godt dekt nasjonalt i tre år. I elleve år fekk legen jobbe som ortoped utan å vere det. Feiloperasjonar ført til at fleire pasientar vart uføre, og somme døydde av feilbehandling. Sakene har avdekt alvorleg rutinesvikt i helseføretaket. I etterkant av avsløringar frå NRK har Sørlandet sjukehus fått ei føretaksbot på éin million kroner, og legen er under politetterforskning. NRK Sørlandet tok i 2020 mot SKUP-diplom for avsløringane.

Pandemien sette preg på nyheitsbiletet også dette året, og stortingsvalet tok mye plass i nyheitsbiletet. Dette er saker vi har brukt store ressursar på. Dei er viktige for publikumet vårt, og det er forventa at vi er leiande på dei.

Distriktsdivisjonen leverte i 2021 halvparten av alle publiserte nettsaker i NRK og stod for 45 prosent av alle saker på forsida av nrk.no. 25 prosent av sendetida i *Dagsrevyen* var frå distriktskontora, og svært mykje av innhaldet i NRK P1 og NRK P1+ blir laga utanfor Oslo.

Fiskaren Isak Dreyer vann *Norges tøffeste* sesong 3. Foto: Erlend Lånke Solbu, NRK.

## **Historier frå Noreg**

Djupnesaker frå norsk kvardagsliv er eit satsingsområde i NRK. To forteljingar frå ulike stader i Noreg engasjerte eit breitt publikum.

Korleis er det mogeleg at eit menneske kan ligge død i leilegheita si i ni år utan at nokon oppdagar det? Det var utgangspunktet for ein artikkel som skapte debatt på nasjonalt plan og som vart lesen nesten ein million gonger. Historia byrjar slik:

«To milliarder mennesker så prins William og Kate gifte seg i 2011. Ingen vet om Michael også gjorde det, fra leiligheten sin et sted i Oslo. Samme dag tror politiet at han døde.

*Det skulle gå ni år før døren hans ble åpnet.»*

I alle desse ni åra låg han død i ei grå blokk aust i Oslo. Ingen sakna han, og teknologien med automatisk trekk i banken og digitale løysingar bidrog til at ingen fatta mistanke. Politiet fastslo når han døydde på grunnlag av ein mjølkekartong. Sju år etter at han døydde, stoppa NAV pensjonen hans fordi dei ikkje fekk kontakt med han.



Kva var det eigentleg som hende då Leif Arvid Ernstsen vart skadd for livet i ei snøskuterulukke? Foto: NRK.

## **Mysteriet på vidda**

Ei snøskuterulukke på Finnmarksvidda har også skapt undring. To menn vart påkøyrd under uklare omstende. Er det verkeleg slik at ingen hugsar noko, eller er det noko som medvite blir halde skjult for politetterforskinga? Artikkelen om mysteriet på Jotka har fascinert mange, og den var ein av dei mest leste artiklane på nrk.no det året.

Historia fortel korleis omfattande skadar har prega livet til den eine familien og om kampen mot forsikringsselskapene om erstatning.

## Heile Noreg svømmer

Av og til tek vi på oss oppdrag som kan synast å vere nesten umogelege. Eit av dei var prosjektet *Hele Norge svømmer*, eit samarbeidsprosjekt mellom Norges svømmeforbund, Redningsselskapet og NRK.

Bakgrunnen for prosjektet var tal som viste at under halvparten av 10-åringane i Noreg innfrir krava i læreplanen til svømmeferdigheiter. Prosjektet førte til at fleire enn 10 000 born fekk gratis svømmeundervisning sommaren 2021.

I juni var det to store eventsendingar på TV frå heile landet I og verdsrekordforsøk i samtidig flytting. I sendingane var vi 85 stader i landet og dokumenterte trygg vassglede i regi av svømmeforbundet og redningsselskapet.

## Samisk identitet

NRK har eit særskilt ansvar for norsk og samisk språk, kultur og identitet. Dette skal blant anna styrkast gjennom eit dagleg innhaldstilbod på samisk til den samiske delen av befolkninga.

For å oppfylle oppdraget må NRK ha dyktige samiskspråklige journalistar som lagar innhald som faktisk treffer samisk publikum. Generelt er det svært få samiskspråklege journalistar og få som utdannar seg innan journalistikk. Journalistar som kan dei mest truga samiske språka, lule- og sørsamisk, er særleg vanskelege å rekruttere. Difor er det naudsynt at NRK sjølv motiverer og utviklar framtidige journalistar.

Difor vart eit eige samisk talentprogram utvikla vidare i 2021. Det legg vekt på lule- og sørsamisk kompetanse. Programmet går over eitt skuleår, og sju ungdommar lærer å lage innhald for nett, radio/lyd, video/TV og sosiale medium, spesielt for yngre målgrupper. Dei første månadene har talenta startopplæring i Karasjok ved NRK Sápmis hovudkontor, dinest har dei praksis i NRK-redaksjonar i Oslo, Trondheim, Bodø eller Tromsø.

Hittil har talentprogrammet utvikla 12 unge samisktalande journalistar. Fire av fem talent i det første kullet jobbar i NRK Sápmi, og fleire av dei sju talenta i kullet i år ønskjer å halde fram i NRK.

Som eit ledd i styrkinga av dei truga språka vart nyheitene i *Ođđasat* i september for første gong i historia presentert på lulesamisk. Tilbakemeldingane frå publikum har vore gode.

Under sametingsvalet i september vart ei viktig satsing godt motteken: *Agnete jienáda* (Agnete røyster) handlar om Agnete Saba som tar tilbake språk og samisk identitet. Serien vart løna med Muitinveara-prisen for nyskaping. I grunngjevinga frå juryen står det blant anna at serien treffer ungt, breitt og nært, og han er spesielt rost for måten han gjev ungdommen innsikt i politikken på.



Kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen fekk Målblomen frå Noregs Mållag. - Der andre har falle for freistinga å gøyne vekk målet om nynorsk, har Thor Gjermund Eriksen sett målet øvst på arket, sa leiar i Noregs Mållag, Peder Lofsnes Hauge. Foto: Kristianne Marøy.

## Nynorsk

For andre gong i historia vart nynorskkravet innfritt av NRK. Totalt var 25,4 prosent av innhaldet vårt på TV, radio og nett på nynorsk. Kravet er 25 prosent. TV-kanalen NRK2 toppar nynorskandelen med 32,2 prosent. Deretter følgjer NRK3, NRK Super og Noregs største radiokanal NRK P1, som alle ligg over 25 prosent.



## Bidragsytarar i NRK

Hege Duckert, Øyvind Werner Øfsti  
og Erik Skarrud, tekst.  
Ole André Hansen og Marianne  
Wee, rekneskap.  
Monica M. Walter, prosjektleiar.  
Hilde Jørgenvåg og Marianne Aas  
Engebakken, profil.  
Språkkonsulent i NRK,  
Børge Nordbø og språksjef i NRK  
Karoline Riise Kristiansen

Design: ANTI

